

## Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.02.2021

Utvalsmedlem Ebbe lo har i forkant av møte sendt søknad om fritak frå sitt verv i Vestland ungdomsutval til leiar og møtesekretær. Vedtekter for Vestland ungdomsutval § 7 seier:

«Dersom eit medlem ber om fritak undervegs i eit år, og ikkje i samband med fylkesting for ungdom, må vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar og sekretær. Dette vert viteringssak på neste møte i VU. VU kan gjere vedtak om at det skal kallast inn fast møtande vara for vedkomande fram til og med neste fylkesting for ungdom. Ein skal då nytte den prioriterte rekkefølga av varamedlemmar.»

**Lisa Horpen** sette fram slikt forslag:

«Ebbe lo får fritak frå vervet sitt som medlem i Vestland ungdomsutval og Emilie Mortvedt Troland tek over vervet og blir fast medlem»

### **Avrøysting**

Horpen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Ebbe lo får fritak frå vervet sitt som medlem i Vestland ungdomsutval og Emilie Mortvedt Troland tek over vervet og blir fast medlem.